

■ Referat frå drøftingsmøte mellom rektor og organisasjonane med heimel i Hovudavtalen Del B, § 3 ved Haram vgs.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Sakliste: 2/2018-2019

Til stades:

Frå organisasjonane:

Organisasjon:.....Namn:.....

Utdanningsforbundet	Solveig Beadle
NITO	Torbjørn Volstad
Lektorlaget	Terje Pettersen

Frå arbeidsgjevar:

Rolle:.....Namn:.....

Rektor	Jan Magne Helland
Ass.rektor	Håvard Garshol

Alle møtte.

Kopi av referat skal **straks** leggjast ut på nettsida til skolen under OD-møter: <http://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/Medraaderett/Droeftingsmoeter-utdanning/Lokale-OD-referat>

Stad og tid:

Brattvåg, 16.10.2018 Stad: Rom 146

Referent:

Neste møte:

Dato: 13.11.2018

Stad: Haram vgs.

Sak 11/18-19:

Gjennomgang referat frå 21.09.18

Til sak 1/18 Vi har no engasjert lærarar i ledige vikarstillingar i samband med fødselspermisjonar.

Til sak 4/18 Økonomi – Vi ligg fortsatt ann til å få eit underskot i 2018, og arbeider med tiltak for å få ned underskotet.

Til sak 6/18 Rekruttering/marknadsføring – spesielt Vg1 TIP/Vg2 IND/2ST Skottland/2HO Det vert lagt ned eit arbeid på ulike felt for å marknadsføre tilboda våre. Hospiteringa i veke 46 ser vi på som særskilt viktig. Dette vert og eit område vi skal jobbe vidare med i Angvika 26.10.

Til sak 9/18 Møtedagane for hausten vert: Tysdag 16.10. tysdag 13.11. og tysdag 11.12. kl. 09:40 alle dagar. Dersom omlegging av timeplanen medfører kollisjonar finn vi eit nytt tidspunkt.

Til sak 10/18 Endring av info. tidspunkt og basistid (frå UF). Informasjonsflyten er no lagt opp slik vi vart einige om. Det vert påpeika at det er viktig at dette vert følgd opp, då det kan falle ut i periodar der rektor eller andre i leiinga er borte. Informasjon som vert lagt ut i Its learning er etter tilbakemelding grei å finne. Det vert sett av eit par lengre møter til erfaringsutveksling og drøfting per halvår.

Sak 12/18-19

Digitale spørjeundersøkingar som er/skal gjennomførast:

- Spekter
- MTM
- Elevundersøkingar
- Undervisningsevaluering

Orientering om korleis dei ulike undersøkingane skal handsamast i ettertid.

Det vert stilt spørsmål til ressursbruk, verdi og relevans av alle desse undersøkingane.

Sak 13/18-19**Spørsmål om overtid ved tilfeldige vikartimar.**

Vi betaler 50 % overtid for vikartimar ut over den bundne tida (29 timar), men ikkje for vikartimar som ligg innafor. Det vert vist til Østfolddommen i 2016, der alle vikartimar skulle betalast med 50 % overtid (jf. SFS 2213). Leinga meiner dette er under føresetnad av at den bundne tida då vert tatt igjen. Rektor vil sjekke dette opp, for å sikre at vi følgjer gjeldande praksis.

Eg ber om tilbakemelding om det er ting de vil ha endra før det vert lagt ut.

- UF etterlyser saklista til dette møtet. Vert tatt til etterretning.

Brattvåg 17. oktober 2018

Jan Magne Helland
rektor